

Marthe Hammer (SV) - oversikt over prosjekt som inngår i den totale gjelda til Vestland fylkeskommune

I finansutvalet 28.mai 2020 var det gjort slik vedtak:

«Fylkestinget vil peike på at nokre prosjekt har ekstern finansiering, heilt eller delvis, og difor belastar driftsbudsjettet med finanskostnader ulikt sjølv om dei aukar gjeldsgraden. Desse bør få ein særskild vurdering i ein budsjettprosess med krevjande økonomiske rammer.»

Fylkesrådmannen svarer ut med at «den vedtekne gjeldsgraden til fylkeskommunen tek ikkje omsyn til at prosjekt kan ha ekstern finansiering som strekkjer seg over eit lengre tidsrom enn byggjetida for prosjektet. Finansutvalet peikar på at desse prosjekta bør få særskilt vurdering når gjeldsgraden på 115 % vert rekna ut» Og vidare at dette gjeld ferjeavløysingsprosjekt og bygg med utleigedel.

Det å ha felles oppfatning av kva som inngår i gjeldsgraden er av stor betydning for å kunne jobbe politisk med å slette gjeld, omdisponere og ta stilling til nye investeringar.

Spørsmål til fylkesrådmannen:

Kan finansutvalet få ei oversikt over prosjekt som inngår i den totale gjelda til Vestland fylkeskommune, kor stor gjelda er på dei ulike prosjekta, og korleis dette summerer seg til ein total gjeldsgrad på 115%.

Svar frå fylkesrådmannen:

Finansiering av investeringar vert som hovudregel ført samla, og ikkje splitta på dei einskilde prosjekta.

I oppstillinga nedanfor ser ein på planlagde investeringar i perioden 2021-24. Det er teke utgangspunkt i tabellane i arbeidsdokument 2. Finansutvalet sine prosessvedtak knytt til arbeidsdokument 2 er ikkje med i tabellen nedanfor. Fylkesrådmannen viser her til arbeidsdokument 3/20 og det som er nemnt om vidare prosess med å oppdatere investeringsbudsjetten.

Første kolonne i tabellen nedanfor viser brutto investeringsutgifter - som nemnt med utgangspunkt i oppstillingane i arbeidsdokument 2/20.

Kolonne 2 viser inntekter som kan knytast til dei einskilde prosjekta. For dei fleste prosjekta gjeld dette mva-kompensasjon. Nokre prosjekt vert finansierte med bompengar og tilskot. Til sist inngår salsinntekter som er knytt til bestemte investeringar.

I kolonne 3 kjem netto investeringsutgift fram. Dette er summen som fylkeskommunen må finansiere med lån, fond og driftsmidlar. Ved å ta ut prosjekt, vil låneopptaket kunne reduserast med beløpa som er vist i kolonne 3.

Fokus fram til no har vore å fastsetje totale rammer for investeringane i økonomiplanperioden. Ein har ikkje hatt ein detaljert gjennomgang av finansieringa på prosjektnivå. Det kan difor bli justeringar i det vidare arbeidet. Tabellen gjev likevel ein god indikasjon på lånebehovet.